

Kulturprisen 2022: Trygve Fjeldstad

Nominasjonsteksten frå Bjarne Skjold: «Trygve har i svært mange år vore ein viktig bidragsytar til ta vare på, læra meir om og fremja kulturelle aktivitetar. Han var ei stor drivkraft bak fredninga av Tjeldstømarka, som no er naturreservat. Likeins har han arbeidd mykje med oppmerking av nordsjøløypa- og no nyleg avslutta registrering samt kartmerking av torvhusa der. Trygve har lagt ned eit stort arbeid for å bevare desse unike steinhusa for ettertida. Trygve har også vore til stor hjelp for personar frå andre bygder når det gjeld informasjon om gamle skøyter og grenselinjer. Han er aktiv bidragsytar i innsamling /skanning av gamle bilete og dokument i samband med arbeidet med bygdebøkene. Kystmuseet i Øygarden har og hatt stor glede og nytte av Trygve sin store kunnskap om steinmuring. Han har hatt kurs i dette unike handverket. (dei vakre steinhusa på heimegarden hans viser tydeleg kunstnaren Trygve!) Trygve har gjennom mange år vore ein god hjelper for mange som ynskjer å vita meir om slekta si. Det gjeld i første rekkje familiar på Tjeldstø Gard. Han har stor kunnskap om gamle skøyter, grenseoppgangar og gamle utskiftingsdokument. Vil også nemna at han har arrangert gardsvandring (Tjeldstø)- der han på ein lun og fin måte har fortald om dei ymse bruka og folka som har levd der.»